

## Ordføreren sitt hjørne – oktober



Komande torsdag er det konstituering av det nye kommunestyret. Då skal det veljast formannskap, ordførar, varaordførar og dei viktigaste utvala. Etter møtet er det dei nyvalde som har overtatt roret.

Valet i september var eit meir spennande val enn på lenge. Det var 8 lister som stilte til val, og 7 av dei kom inn. Etter valet har ein av Høgre sine representantar meldt seg ut av partiet og stiller som uavhengig. Det er såleis 8 forskjellige parti/grupper som tek sete i kommunestyret denne gongen. 10 av 17 representantar er også heilt ferske i kommunestyret. Det er både mangfald og fornying i kommunestyret 2015 – 2019.

Det blir mykje å gripe fatt i dei komande åra. Folketalsauken i kommunen ser ut til å halde fram. Det vil føre til stor aktivitet på å legge til rette for nye innbyggjarar. Det gjeld bustader, fritidsaktivitetar, skule og barnehage for å nemne noko. Kommunen ynskjer å ha full barnehagedekning, det har me no, men ved større fødselstal må talet på plassar aukast. På siste kommunestyremøte før valet vart framtidig barnehage- og skulestruktur i Hemsedal vedtatt. Det er likevel mange planer som må på plass før utbyggingar etter vedteken modell kan starte. Reguleringsplaner og konkrete byggeplaner må på plass, og sjølvstgt budsjett som kan bera slike investeringar.

Statsbudsjettet for 2016 kom i går. For Hemsedal sin del er det ingen grunn til å sleppe jubelen laus. Me er blant den 5. delen av kommunar med lågast vekst i inntekter frå 2015 til 2016. Det er litt underleg for folketalet auka mykje i 2015, og rammene burde ha auka meir berre på grunn av det. Det er alt for tidleg å si så mykje meir no, men alt tyder på at det blir ein svært krevjande budsjettthaut. Me har gode tenester i Hemsedal. Det ynskjer me å behalde, men me må ha inntektsramme som gjer det mogleg. Straumprisen er også låg, så det me greier å ta ut av forvaltninga av andels- og konsesjonskrafta vår er også mindre enn tidlegare. Her er det varsla ein reduksjon i uttaket på 1,5 millionar kroner, frå 8 millionar til 6,5 millionar kroner. Det ser ut som det nye formannskapet og kommunestyret får eit utfordrande budsjettarbeid å gripe fatt i. Eg får skrive meir om dette når budsjettet blir lagt ut til høyring, då kan eg vera meir konkret.

Hemsedal har no uvanleg mange asylsøkjjarar i bygda. Det faste mottaket på Tuv er utvida frå 150 til 180 plassar. Det er og oppretta eit mottak for einslege mindreårige (EMA) med 30 plassar på Langeset. Dette er det som er den faste situasjonen. Her har kommunen ansvaret for å gje kommunale tenester til desse. For mottaket på Langeset er det Vaksenopplæringa på Gol som skal gje skuletilbodet slik det ser ut no. Dette er stort sett ungdommar mellom 15 og 18 år, så desse er i vidaregåande skulealder.

I tillegg til 210 faste mottaksplassar er det også svært mange akuttplassar på Fossheim og Holdebakken. Dette er kortsiktige plassar for å avlaste transittmottaket på Refstad i Oslo. Dette er flyktningar som blir verande her nokre dagar før dei får avklara situasjonen sin, og kjem til permanente mottak. For desse plassane er det prat om eit par månader eller fram til sesongstart.

Flyktningssituasjonen i Europa er heilt spesiell. Det har kome nesten ein halv million flyktningar over Middelhavet så langt i 2015. Det er heilt naturleg at Norge og Hemsedal stiller opp og hjelper til i denne vanskelege situasjonen for så mange. Me har god erfaring med å vera vertskap for flyktningar, både på 90-talet og no. Det har fungert veldig bra heile tida. Alt skjer veldig fort no, så informasjon og planlegging kunne ha vore betre. Trass i det, alt tyder på at det rutinerte mottaksapparatet som er her taklar dette på ein veldig god måte. Me kan vera stolte av bygda vår!

God haust!

Helsing  
Oddvar Grøthe, ordførar